

# EK handboka: Sjukepleiarkonsultasjon på Osteoporosepoliklinikken

Osteoporosepoliklinikken på Revmatologisk poliklinikk undersøkjer kvart år omlag 1200 pasientar tilvist frå fastlegar og frå avdelingar i Helse Førde. Tilbodet er i hovudsak sjukepleiarstyrd, og erfarte sjukepleiarar gjer DXA-måling (dobel røntgenabsorbsjonsmetri), undersøkjing og fagleg vurdering. Epikrisane vert dels laga frå standarstekstar, dels frå individuelle vurderingar. Epikrisa vert send til revmatolog for vurdering og godkjenning før den sendast tilvisande lege.

## 1) Gongen i ein konsultasjon

- Presentasjon og spesifisering av sjukepleierkonsultasjon
- Forklare pasienten kvifor han er tilvist, kva som skal gjerast, og at det vil bli tilrådd konsultasjon hos fastlege etter undersøkjinga
- Gjennomgang av spørjeskjema (sendast pasienten saman med innkallinga), der risikofaktorar for osteoporose og brot vert kartlagd
- Måling av høgd og vekt
- **Måling av DXA lumbalrygg og begge hofter** på alle, og på dei følgjande utførast supplerande **VFA (vertebral fracture assessment)**
  - Alle med lågenergibrot
  - Alle langtidsbehandla med Prednisolon
  - Alle med høgdetap over 4 cm
  - Kvinner over 60 år, menn over 70 år
  - Sjukehistorie som kan gje mistanke om kompresjonsbrot
- Analyse av DXA, estimering av **FRAX** og **TBS (trabecular bone score)**
- Gjennomgang med resultatet med pasient
- Pasienten får «Pasientinformasjon om osteoporose» (vedlegg)
- Pasienten får råd om å avtale time hos fastlegen dersom det vurderast mulig indikasjon for medisinske tiltak, utgreiing eller oppstart behandling

- 2) **Bruk av FRAX ([www.shef.ac.uk/FRAX](http://www.shef.ac.uk/FRAX))**: Når 10 års risiko for hoftebrudd er høgare enn 3 % eller risiko for anna osteoporotisk brot er over 20 % er det kostnadseffektivt å behandle med bisfosfonat.
- 3) **Definisjon osteoporose:** Lavenergibrudd og/eller T-skår  $\leq -2,5$  i lumbalcolumna, lårhals eller total hofte ved DXA er diagnostisk for osteoporose (Norsk Endokrinologisk forening, [www.endokrinologi.no](http://www.endokrinologi.no)). For å definere det som osteoporose på DXA skal gjennomsnittet av dei to lågaste målte vertebrae vere  $\leq -2.5$ . Ein enkelt verdi  $\leq -2.5$  i lårhals eller total hip er tilstrekkeleg.
- 4) **Bruk av DXA underarm og/eller total body:** dersom ikkje målbare hofter gjev måling av underarm eit estimat av kortikalt beinvev.
- 5) **Tolking av TBS (Trabecular bone score):** TBS estimerast frå ryggmålinga, og gjev tilleggsinformasjon som er uavhengig av degenerative endringar i ryggsøyla. TBS er eit mål på mikroarkitekturen, som er ein sjølvstendig markør på beinstyrke. Låge verdiar gjev auka risiko for brot. TBS er spesielt nyttig når det er snakk om sekundær osteoporose, til dømes hos pasientar med diabetes 2, hyperparathyreoidisme, bruk av Prednisolon og cøliaki. Ved

osteopeniverdiar og nedsett TBS kan det vere indikasjon for beinsparande behandling. Dette må vurderast av lege.

Normal TBS: betre enn 1.350

Moderat nedsett TBS: 1.200 – 1.350

Betydeleg nedsett TBS: 1.100 – 1.200

Alvorleg nedsett TBS: under 1.100

#### 6) Dei ulike typane konsultasjonar

- a. BMD sjukepleiar, nyttilvist pasient: 45 minutt avsett tid. Fyste gongs undersøkjing.
- b. BMD sjukepleiar, kontroll: 45 minutt avsett tid. Resultat samanliknast med tidlegare undersøkjing, og konsultasjon er noko forenkla.
- c. BMD sjukepleiar, koordinert med konsultasjon hos revmatolog på grunn av anna problemstilling: 45 minutt som a) eller b)
- d. BMD med lege: 30 minutt avsett tid, samt 30 minutt hos lege. Sjukepleiar gjer den tekniske delen av konsultasjonen, og lagar eit internt notat i DIPS. Lege på poliklinikken vurderar resultat, går igjennom dette med pasienten og lagar epikrisa.  
Aktuelt på følgjande pasientar
  - i. Alle under 25 år
  - ii. Avansert medisinsk vurdering/behandling aktuelt
  - iii. Osteogenesis imperfecta
  - iv. Andre etter individuell klinisk vurdering av tilvisninga

#### 7) Delegering av ansvar til erfaren sjukepleiar:

i høve normal DXA måling og det ikkje føreligg andre faktorar som bør vurderast av revmatolog, kan sjukepleiar sjølv godkjenne epikrisa utan vidaresending til revmatolog.

**Vedlegg:** «Pasientinformasjon om Osteoporose»

«Spørreskjema»

**Referansar:**

Retningslinjer osteoporose fra Norsk Revmatologisk forening 2018:

<http://legeforeningen.no/PageFiles/229641/Osteoporose%20aug%202018.pdf>

UK clinical guideline for the prevention and treatment of osteoporosis, Compston et al, Arch Osteoporos 2017

Treatment of Low Bone Density or Osteoporosis to prevent fractures in men and women: A clinical practice guideline update from the american college of physicians. Qaseem, Ann Intern Med 2017

«European guidance for the diagnosis and management of osteoporosis in postmenopausal women», Kanis et al, Ost Int 2012

Clinician's guide to prevention and treatment of osteoporosis, Cosman et al, Ost Int 2014

Retningslinjer osteoporose fra Nasjonal veileder i endokrinologi, 2015:

<http://www.helsebiblioteket.no/retningslinjer/endokrinologi-veileder/osteoporose-og-parathyroidea/osteoporose>

<https://www.fhi.no/fp/folkesykdommer/beinskjorhet/beinskjorhet-og-brudd---fakta-om-os/>

«Veileder for utredning og behandling av osteoporose hos menn og kvinner ≥50 år med brudd», Faggruppe for osteoporose og beinhelse, 2015, Norsk ortopedisk forening [www.lavenergibrudd.no](http://www.lavenergibrudd.no)

Norsk Elektronisk Legehåndbok: <https://legehandboka.no/sok?q=osteoporose>

Norsk Elektronisk Legehåndbok: pasientinformasjon: <https://legehandboka.no/handboken/kliniske-kapitler/endokrinologi/pasientinformasjon/beinskjorhet-osteoporose/beinskjorhet-oversikt/>

Norsk osteoporoseforbund <http://ffo.no/Medlemsorganisasjoner/N/Norsk-Osteoporoseforbund/> og på Facebook

Trabecular bone score (TBS) as a new complementary approach for osteoporosis evaluation in clinical practice: a consensus report of a European Society for Clinical and Economic Aspects of Osteoporosis and Osteoarthritis (ESCEO) Working Group, Harvey et al, Bone 2015

Fracture Risk Prediction by Non\_BMD DXA Measures: the 2015 ISCD Official Positions Part 2: Trabecular Bone Score [http://www.clinicaldensitometry.com/article/S1094-6950\(15\)00136-5/abstract](http://www.clinicaldensitometry.com/article/S1094-6950(15)00136-5/abstract)

Vertebral Fracture Assessment: The 2007 ISCD Official Positions

[http://www.clinicaldensitometry.com/article/S1094-6950\(07\)00256-9/fulltext](http://www.clinicaldensitometry.com/article/S1094-6950(07)00256-9/fulltext)

Screening for vertebral fracture with dual X-ray absorptiometry (DXA), Medial Policy Manual, Radiology, Policy nr 48, 2017 <http://blue.regence.com/trgmedpol/radiology/rad48.pdf>

Nasjonale prosedyrer Norsk Revmatologisk forening, 2015:

<http://legeforeningen.no/PageFiles/229641/Osteoporose%20%202015.pdf>

Norsk bryst cancer gruppe: <https://nbcg.no/retningslinjer/>

«Nasjonalt handlingsprogram med retningslinjer for diagnostikk, behandling og oppfølging av pasienter med brystkreft» 2017:

<http://www.helsebiblioteket.no/retningslinjer;brystkreft/adjuvant-systemisk-behandling/>